

Temamøte på Thon Hotel, Skei, fredag 11. november 2016

Omorganisering av kommunerevisjonen i Sogn og Fjordane

Dei frammøtte var:

Frå *Kommunerevisjonen i Nordfjord*:

Styreleiar Rune Myklebust
Nestleiar Ole Reinhardt Bugjerde
Dagleg leiar/Revisjonssjef Markvard Sunde
Styreleiar Trygve Jacobsen
Styremedlem Ingvar Torsvik Myrvollen
Dagleg leiar/Revisjonssjef Terje Førde
Styreleiar Arne Hovland
Nestleiar Per Atle Kjøllesdal
Dagleg leiar/Revisjonssjef Marianne Vara

Frå *KRYSS Revisjon*,
(Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord)

Frå Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Møtet tok til kl. 09:30.

Møtet vart innleia med registrering av dei frammøtte, der Terje Førde orienterte om bakgrunnen for innkallinga (ref. møtet den 21.06.16 i Førde og Notat av 30.06.16), og den utsende agenda for møtet. Ein var samde om at agendaen var å sjå på som ei punktliste/hugseliste med tema som ein skulle sjøke å kome innom i løpet av møtet.

SAKER SOM VAR TIL HANDSDAMING:

1. Val av møteleiar og sekretær:

Samrøystes vedtak: Trygve Jacobsen, KRYSS Revisjon, vart vald til møteleiar.
Terje Førde, KRYSS Revisjon, vart vald til referent og møtesekretær.

2. Presentasjon av dei tre revisjonseiningane:

Dagleg leiar/Revisjonssjef Markvard Sunde orienterte om *Kommunerevisjonen i Nordfjord* sin historikk, verksemد og organisering. Han blei supplert med informasjon frå styreleiar Rune Myklebust og nestleiar Ole Reinhardt Bugjerde. Revisjonsdistriktet omfattar 6 kommunar, og revisjonseininga har styre samansett av ein representant frå kvar kommune. Det er 5 tilsette i f.t. 4,8 årsverk. Det blir disponert ca 1,5 årsverk til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det kom til uttrykk at saka om ei eventuell omorganisering ikkje er forankra politisk i eigarkommunane, men at notatet frå møtet i juni var oversendt samstyremedlemmane, ordførarane og rådmennene i eigarkommunane. Det vart vist til NKRF sin benchmarking-undersøkelse som dei hadde vore deltakar i. Ein ser på seg sjøve som små og sårbarer, der ein no ønskjer å sjå på om det er mogleg å kome styrka ut ved etablering av ei større eining. Det er ønske om ein desentralisert struktur på organisasjonsmodellen.

Dagleg leiar/Revisjonsjef Marianne Vara gav orienteringar om *Sogn og Fjordane Revisjon IKS* sin historikk, verksemد og organisering. Ho blei supplert med informasjon frå styreleiar Arne Hovland og nestleiar Per Atle Kjøllesdal. Ved etableringa i 2005 var det 11 tilsette, med 9 kommunar og fylkeskommunen. I dag er det to kommunar som har gått ut av samarbeidet, Lærdal og Aurland, slik at det i dag er 7 kommunar og fylkeskommunen som er eigrarar. I dag er det 5 tilsette, som utgjer 4,6 årsverk; alle med oppgåver innafor finansiell revisjon. Forvaltningsrevisjon er ikkje ein del av tenestetilbodet, og er vedteke nedlagt som tenester frå selskapet. I tillegg til den finansielle revisjon

tilbyr dei tenesta som selskapskontroll (ref. selskapsvedtekten). Representantskapen er det øverste organ, beståande av 8 representantar (alle ordførarane og fylkesordførar), med personlege vararepresentantar. Det er valgt eit eige styre, på 5 personar, med vararepresentantar. Ingen av dei som er i styret er med i representantskapen. Sentrale revisjonsverktøy som dei har er Descartes, IDEA, Access, Dib – Elektronisk bibliotek, Løn og rekneskap, Wisma-økonomiprogram (Sogndal), heimeside Gamst, og elektronisk timeregistreringssystem ONE-24Seven office. Oppmøtestader er ved hovudkontoret på Hermansverk og ein tilsett har oppmøtestad i Luster kommune.

Dagleg leiar/Revisjonsjef Terje Førde gav orienteringar om *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (forkorta til KRYSS Revisjon)* sin historikk, verksemd og organisering. Han vart supplert med informasjon frå styreleiar Trygve Jacobsen og styremedlem Ingvar Torsvik Myrvollen. KRYSS Revisjon har ein desentralisert organisasjonsstruktur med hovudkontor i Førde, regionskontor i Flora (Florø) og regionskontor i Hyllestad. Dei tre kontora er oppmøtestader. Det er 8 stillingsheimlar, som alle er besatt i dag; 7,8 årsverk. To årsverk vert nytta til forvaltningsrevisjon. Stor grad av kontinuitet og stabil arbeidskraft. Rekneskap ført av Førde kommune. Nyttar Descartes som programvare, og delvis enno den praktiske revisjonsmetodikken til NKRF, RPD'n. I ferd med å digitalisere dette.

Samråystes vedtak: Dei møtande tok informasjonen til vitande.

3. Informasjonsutveksling om dei tre revisjonseiningane:

Det var ei gjensidig informasjonsutvekling om dei tre revisjonseiningane i møtet. Dei tre styreleiarane hadde kvar for seg ordet og orienterte om si verksemd sin ståstad:

Styreleiar i KRYSS Revisjon, Trygve Jacobsen: Han orienterte om sine erfaringar og bakgrunn som mangeårig leiar i kontrollutvalet i Førde. Har vore styreleiar i KRYSS Revisjon sidan etableringa hausten 2004. Han refererte også til tidlegare forsøk på å få etablert ei større revisjonseining i fylket, og at ein no må sjå på dei moglegitene som er i forhold til alt som skjer rundt oss. Det vil vere viktig å ha med seg eigarkommunane i dette arbeidet. Jacobsen orienterte om kva KRYSS Revisjon hadde gjort sidan saka kom opp i samband med Årsmøtet til NKRF avd. Sogn og Fjordane i Førde den 21.06.2016. Han orienterte om møter/samtaler han har hatt med rådmann og ordførar i Førde, og at desse har teke opp saka i regionråda og ordførar/rådmannskollegia i regionen/fylket, der ein har fått gode og positive tilbakemeldingar på at ein burde inngå ein dialog med dei andre interkommunale revisjonseiningaen i fylket for å sjå på moglegitene for å kunne etablere ein fylkesdekkande interkommunal revisjonseining. Jacobsen refererte også til at KRYSS Revisjon har eit samråystes vedtak i samstyret bak seg, på at ein skal gå inn i drøftingar med siktemål å få til ein styrka interkommunal revisjon. Frå fleire av eigarkommunane er det gjeve klare tilbakemeldingar, om at det er ønskje om å bevare dei kompetansearbeidsplassar som er lokalt. Ein vil framleis ha nærheit til sin revisor som også i framtida skal vere ei interkommunal revisjonsordning med desentralisert organisasjonsstruktur. Eigarkommunane i KRYSS Revisjon er positive til å få utgreidd ein fylkesdekkande inter-kommunal revisjonsordning, for derved å kunne halde på ei vidareføring av dei revisjonstenestene ein har hatt til no, og som kommunane og oppdraga elles uttrykkjer at dei er godt nøgde med. Styremedlem Ingvar Torsvik Myrvollen kom med supplerande informasjon undervegs i møtet. Myrvollen peika på at det vil kunne bli eit stort fokus på prisen på revisjonstenestene framover. Terje Førde nemnde at private aktørar vil inn i den kommunale marknaden og at det er eit press på kommunane sine revisorar med fare for å bli oppkjøpte.

Styreleiar Rune Myklebust og nestleiar i Samstyret i Kommunerevisjonen i Nordfjord, Ole Reinhardt Bugjerde, orientere om Kommunerevisjonen i Nordfjord sin ståstad i forhold til ei eventuell omorgani-

sering av kommunerevisjonen. Det vart opplyst at dei ikkje har same forankringa som KRYSS Revisjon opplyste om, men at dei møter med eit åpe sinn i forhold til å vere med på den prosessen som er igongsett, og at dei er positive til det initiativ som er teke, ut frå det dei i samstyret kjenner til for delar av Nordfjord. Markvard Sunde orienterte om saker som har vore til handsaming i kontrollutvala og kommunestyra i Selje og Vågsøy, sak ført i pennen av kontrollutvalssekretariatet (Vest Kontroll IKS, v/kontrollutvalssekretær Jostein Støylen). Kommunestyra i Selje og Vågsøy har sendt over vedtak om at dei ønskjer ei utgreiing som tek opp i seg moglegheitene for eit samarbeid med Søre Sunnmøre, og at det også skal utgreiaast der om kommunerevisjonen på Søre Sunnmøre kan innlemmast i eit evt. fylkesdekkande interkommunalt revisjonsselskap i Sogn og Fjordane. Ein gjekk ikkje nærmare inn i diskusjonar kring dette, men informasjonen vart teke til orientering. Nestleiar Bugjerde peika på nokre utfordingar som ligg i framtida med moglege kommunesamanslåingar, ny kommunelov, regionreforma og andre forhold som vil kunne påverke kva som blir biletet og oppgåvne i framtida. Han refererte også til ein artikkel i siste fagtidsskriftet «*Kommunerevisoren*», der det var sett fokus på nærheit, kjennskap til, og innsikt i, lokal kommuneforvaltning. Han nemnde også konkurranseutsetting som eitt alternativ som lett kunne kome opp i den settinga ein er i no. Han meinte også at det må til ei vektting i forhold til kva modellar ein eventuelt skal gå inn i framover. Ei utgreiing bør ha det i seg.

Styreleiar Arne Hovland og nestleiar i styret, Per Atle Kjøllesdal, i Sogn og Fjordane Revisjon IKS, orienterte om deira bakgrunn og utviklinga i selskapet. Eigarkommunane har konkurranseutsett forvaltningsrevisjon. Utmeldinga frå Aurland kommune og Lærdal kommune skjedde på bakgrunn av benkeforslag i ein kommune og saksframlegg frå rådmannen si side i ein annan kommune. Selskapet har sett fokus på nokre viktige områder; Det er sett fokus på den digitaliseringa som skjer, der IT-revisjon er teke tak i. Det har også vore sett fokus på å få fram effektive løysingar kring timeregistreringane. 90 % av revisjonskostnadene vert fakturert etter medgått tid. 10 % etter kommunane sin eigarandel i selskapet. Alt kring rekneskap, løn, timelister er sett bort og er kjøpte tenester frå selskapet si side (Visma). Fokuset har vore kjerneområda som revisjon skal omfatte. Hovland tok også opp forholdet til mindre kommunar når det gjeld ressursbruk og kostnadsfordeling. Det vart gjeve uttrykk for at det er uforholds-messig mykje arbeid å revidere ein liten kommune som ein stor kommune. Små einingar er det utford-ringar med med omsyn til internkontroll. Hovland kom også inn på dei prosessar som Sogn og Fjordane Revisjon IKS har vore innom i forhold til ei mogleg samanslåing med Indre Hordaland; eit samarbeid/ samanslåing som dei ikkje fekk til. Det er ei stor utfordring for dei i dag at ein ikkje veit kva som skjer med fylkeskommunen som oppdrag. Fylkeskommunen er eit forholdsvis stort oppdrag for dei.

Kjøllesdal tok opp problemstillingane kring det faktum at deira selskap ikkje tilbyr forvaltningsrevisjonstenester, og at ein i denne prosessen må sjå på også dette. Han sa bl.a. at eigarane av selskapet må revurdere sine haldningar/vedtak om ikkje å ha forvaltningsrevisjon.

Hovland kom elles inn på utfordringane med å etablere eit IKS. Det var krevjande å få alt på plass då dei vart etablerte. Viktige faktorar har vore kravet til nærheit til den reviderte, og at eigarane har hatt eit sterkt ønskje om å ha kompetansearbeidsplassar innafor nærmiljøet. Det vart også gjeve uttrykk for at fylkeskommunen primært ønskjer å bevare interkommunal revisjon. Fylkesordføraren skal ha uttala at ein vil halde på offentleg revisjonsordning.

4. Framdrift, prosessar, vegen vidare:

Det var så ein generell diskusjon kring saka og korleis ein skal gå fram vidare. Møteleiar Trygve Jacobsen påpeika at det arbeidet som er sett i gong, er eit banebrytande arbeid der revisjonen er det

første interkommunale samarbeidet ein ser på. Alle har vore positive til at ein har starta uformelle samtaler no, og eigarkommunane følgjer tett med på det som skjer. Det er mange samarbeid som kommunane må sjå nærmare på i samband med regionreforma og kommunereforma. Det vart også gjeve uttrykk for at våre verksemder inneheld i dag ei god innsikt i og kunnskap om offentleg forvaltning generelt og kommunane sine forvaltningsapparat spesielt. Kommunane må få ei forståing for at dei er eigarar av denne kompetansen og at ved å slå saman dei tre revisjonseiningane, vil ein sikre og bevare den kompetansen som finst lokalt for lang tid framover.

Bugjerde peika på at det er viktig å få henta inn informasjon og kunnskap frå ordførar- og rådmannsnivå, om kva synspunkt og haldningar dei har til det arbeidet som no vert sett i gong.

Spørsmålet om ein struktur på arbeidet framover vart teke opp. Det må utarbeidast noko som kan leggast fram for eigarkommunane på eitt eller anna tidspunkt fram i tid. Det var ein generell diskusjon kring kva som må gjerast framover, prosessane vidare, tids-/framdriftsplan, m.v. Det vart ikkje gjort noko vedtak kring milepælar/framdriftsplan for på kva tidspunkt ulike saker og ting skal vere gjort.

Samrøystes vedtak: Prosessar og framdrifta i vegen vidare skal ein kome attende til på neste møte.
Alle var samde om at ein skal møtast i eit nytt møte.

> **Det var avsett tid til lunsj mellom kl. 12:00 – 13:00**

5. Tilsetterepresentantar:

Spørsmålet om ivaretaking av medbestemmelserett for dei tilsette vart teke opp. Terje Førde orienterte om at dei tilsette i KRYSS Revisjon har sendt brev til Samstyret i KRYSS Revisjon med krav om at ein tilsettrepresentant får ta del i dei drøftingar og møter som skal vere i denne saka.

Ein hadde ein generell diskusjon kring dette, der alle var samde om at kvar av dei tre revisjonseiningane får hove til å vere med; med ein tilsettrepresentant frå kvar revisjonseining.

Samrøystes vedtak: Kvar av dei tre revisjonseiningane må, kvar for seg, velje ein tilsettrepresentant, som får ta del i møta og kome med innspel/synspunkt i saka (møte- og talerett).

6. Styringsgruppe, arbeidsgruppe:

Trygve Jacobsen gjorde framlegg om at det må velgast ei styringsgruppa og eventuelt også ei arbeidsgruppe. Det var ein generell diskusjon kring dette. Dei møtande var samde om dette og gjorde følgjande vedtak:

Samrøystes vedtak: Det blir nedsett ei *styringsgruppe* som skal bestå av
2 representantar og 1 vararepresentant frå kvar av dei tre selskapa.

I tillegg deltek det tre tilsettrepresentantar – ein repr. frå kvar av dei tre revisjonsselskapa - på møta i styringsgruppa (møte- og talerett).

Det blir nedsett ei *arbeidsgruppa*, bestående av dei tre revisjonssjefane. Desse møter også i styringsgruppa sine møter.

Arbeidsgruppa får sine oppgåver frå styringsgruppa.

7. Utgreiingsarbeid :

Det var ein generell diskusjon kring arbeidsoppgåvene som er føreståande og at ein må få sett i gong eit utgreiingsarbeid om korleis ein eventuell ny fylkesdekkande interkommunal revisjon skal etablerast og korleis denne skal sjå ut. Dei møtande var einige i at det må lagast til eit dokument som kan leggast fram for eigarane og at denne bør ha i seg eitt felles framlegg, når den er ferdighandsama frå styringsgruppa si side. Alle var også samde om at arbeidsgruppa (dei tre revisjonssjefane) får i oppgåve å sjå på dette fram imot neste møte i styringsgruppa.

Det vart ikkje gjort noko formelt vedtak kring eit *mandat* om kva som skal inngå i utgreiingsarbeidet. Ein var samde om at det i første omgang skal lagast til ei grovskisse for korleis innhaldet i eit utgreiingsarbeid skal sjå ut. Dette vil *styringsgruppa* ha seg førelagt til neste møte, der ein legg føringar for det utgreiingsarbeidet som skal skje framover.

Samrøystes vedtak: Arbeidsgruppa får i oppgåve å utarbeide ei grovskisse for korleis eit utgreiingsarbeid skal gjerast og kva innhald eit slikt dokument skal ha.

Arbeidsgruppa har ansvaret for at ei grovskisse for dette arbeidet ligg føre til neste møte.

8. Neste møte fredag 16. desember 2016

Dei møtande var samde om at ein skal halde fram arbeidet med det som siktemål å få til ei felles fylkesdekkande interkommunal revisjonsordning i Sogn og Fjordane, og at det skal settast i gong eit utgreiingsarbeid kring dette.

Samrøystes vedtak: Neste møte i styringsgruppa vert halde fredag den 16. desember 2016.

Møtet vert lagt til Thon Hotel, Skei.

Møtestart vert kl. 10:00.

Arbeidsgruppa/møtesekretæren sender ut innkallinga og dokumenta til møtet nokre dagar i framfor møtet 16.12.16.

9. Oppsummering:

Alle var samde i at møtet var positivt møte på alle måtar, og at ein går inn i vidare sonderingar og drøftingar i neste møte med siktemål å få til ei framdriftsplan i arbeidet med å få til ei felles fylkesdekkande interkommunal revisjonsordning, og at det fram til neste møte den 16.12.16 skal ligge føre ei grovskisse for innhaldet i ei utgreiing kring samanslåing av dagens revisjonseiningar til eitt selskap. Dei tilsette blir tekne med på råd ved at kvart av dei tre selskapa kan stille med ein tilsette-representant til møta i Styringsgruppa.

Dei møtande var samde om at møtesekretæren sender over utkastet til møtereferat til alle dei som møtte, slik at eventuelle feil, manglar, mistydingar, mv., kan lukast bort. Dette er gjort og innkomen merknader er innbaka i dette møtereferatet som er å ansjå som endeleg.

Ein var samde om at det endelege møtereferat og agendaen for møtet skal sendast/formidlast til all møtande, alle tilsette i dei tre revisjonsselskapa, til kommunane sine kontrollutval v/sekretariata, og til ordførar og rådmann i eigarkommunane/fylkeskommunen.

Fellesrekninga for møtet den 11.11.16 vert betalt og fordelt på dei tre selskapa.

Møtet slutt ca. 13:50

Skei/Førde, 11.nov. 2016 / 16. nov. 2016


Terje Førde, møtereferent



***Partssamansett nemnd
beståande av representantar frå
KOMMUNEREVISJONEN i Nordfjord
KOMMUNEREVISJONEN I Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon)
SOGN OG FJORDANE REVISJON IKS***

**MØTE PÅ THON HOTEL, SKEI
Fredag 11. november 2016, kl. 09:30**

Møtande:

Kommunerevisjonen i Nordfjord :	Styreleiar Rune Myklebust Nestleiar Ole Reinhardt Bugjerde Dagleg leiar/Revisjonssjef Markvard Sunde
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord :	Styreleiar Trygve Jacobsen Nestleiar Jorunn Ringstad Dagleg leiar/Revisjonssjef Terje Førde
Sogn og Fjordane Revisjon IKS :	Styreleiar Arne Hovland Nestleiar Per Atle Kjøllesdal Dagleg leiar/Revisjonssjef Marianne Vara

Bakgrunnen for møtet:

I samband med avviklinga av Årsmøtet til fylkeslaget for kommunerevisorane i Sogn og Fjordane Fylke (Sogn og Fjordane Kommunerevisorforeining) i Førde den 21. juni 2016, var styreleiar og nestleiar i dei tre interkommunale revisjonssamarbeida i Sogn og Fjordane inviterte til å delta på eit foredrag med fokus på kommunereformen og utfordringar som den kommunale revisjon står overfor ved innføring av ny kommune-lov. Foredraget vart halde av dagleg leiar i Norges Kommunerevisorforbund, Ole Kristian Rogndokken. Foredraget er utsendt til dei møtande.

I etterkant av foredraget hadde styreleiarane og dei daglege leiarane i dei interkommunale revisjonssamarbeida i fylket eit møte, der hovudtemaet var ei eventuell samanslåing av dei tre interkommunale samarbeida til ei fylkesdekkande interkommunal revisjonseining. Dette fellesmøtet bad dei tre revisjonssjefane om å utarbeide eit notat, som skulle sendast dei tre revisjonsselskapene, med kopi til ordførar og rådmann i eigarkommunane. Ein var også samde om at ein skulle ta opp drøftingar om dette i sine styre og kome attende til saka i eit eige fellesmøte revisjonssamarbeida imellom.

Saka har vore til drøfting i dei respektive styra, der kvar av desse har valgt styreleiar og nestleiar i styret som sine utsendingar; med ein vararepresentant kvar. Ein har vore samde om at dagleg leiar/revisjonssjef i dei tre revisjonsselskapene også møter. Det er også fremma ønske/krav om at dei tilsette vert representert i den partssamansette nemnda, om/når ein skal inn i vidare sonderingar/drøftingar for om mogleg å få til ei fylkesdekkande revisjonseining for den interkommunale revisjon i Sogn og Fjordane.



AGENDA FOR MØTET DEN 11. NOVEMBER 2016 THON HOTEL, SKEI I JØLSTER

Kl. 09:30 – 09:45 Frammøte / registrering – noko å bite i
Val av møteleiar og sekretær for møtet

Kl. 09:45 – 10:30 Litt om oss sjølv,
↳ korte presentasjonar av revisjonssjefane
*Kommunerevisjonen i Nordfjord
KRYSS Revisjon
Sogn og Fjordane Revisjon IKS*

Kl. 10:30 – 11:15 Revisjonseiningane sin ståstad, kvar står eigarane
↳ orienteringar frå styrrepresentantane
*Kommunerevisjonen i Nordfjord har ordet
KRYSS Revisjon har ordet
Sogn og Fjordane Revisjon IKS har ordet*

Kl. 11:15 – 11:30 Pause

Kl. 11:30 – 12:15 Drøftingar kring organisering av arbeidet framover
*Utfordringar ein står overfor
Organisasjonsstruktur på det nye selskapet
Tenester som skal tilbydast av det nye selskapet
I kva grad forplikta selskapet eigarkommunane*

Kl. 12:15 – 13:15 Lunsj

Kl. 13:15 – 14:00 Vegen vidare
*Tilsette sin medverknad, tilsettrepresentant(ar)
Regien vidare, mandat/innhald/utgreiingsarbeid
Moglege organisasjonsmodellar som skal utgreiast*

Kl. 14:00 – 14:15 Pause

Kl. 14:15 – 15:00 Vegen vidare – forts.

- ✓ Utgreiingsarbeid framover, info/fakta om einingane idag :
- ✓ Er det tematikk som ikkje skal takast opp no ?
- ✓ Intensjonar, premissar, føresetnader – finst det
- ✓ Involvering av Kontrollutvala/Kommunestyra
- ✓ Kva tid, korleis, selles saksutgreiing med tilråding ?
- ✓ Eit neste møte : Kva må skje fram til neste møte ?
- ✓ Tidsperspektiv for ei eventuell omorganisering

Deltakarar i «fellesmøte» på Skei, den 11.11.2016

Kommunerevisjonen i Nordfjord					
	Namn:	Adresse:	Poststad:	Mobiltlf:	Parti:
					Arbeid
Styreleiar	Rune Myklebust		6791 Oldedalen	95923253	SP Bonde
Nestleiar	Ole Reinhardt Bugjerde		6776 Kjølsdalen	91133311	Sp Pensionist
Vararepr.	Kristian Skibenes	Postboks 12	6701 Måløy	91773442	H Gründer/ tidlegare m.a. revisor kristian@fjordshipping.com
Dagleg leiar/ revisjonsjef	Markvard Sunde	Strandavegen 5	6880 STRYN	91109415	markvard.sunde@stryn.kommune.no

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSST Revision					
	Namn:	Adresse:	Poststad:	Mobiltlf:	Parti:
					Arbeid
Styreleiar	Trygve Jacobsen	Mo	6819 FØRDE	41530730	H Rektor trygve.jacobsen@sf.no
Nestleiar	Jorunn Ringstad	Askvoll	6980 Askvoll	99245291	SP Pensionist jorlings@gmail.com
Vararepr	Ingvar Torsvik Myrvollen	Storevika 9	6940 Eikefjord	93249145	H Distriktssekretær Høyre ingvar.m@hoyre.no
Dagleg leiar/ revisjonsjef	Terje Førde	Vestnesvegen 3	6900 Florø	99229227	terje.forde@krysstrevisjon.no

Sogn og Fjordane Revision IKS					
	Namn:	Adresse:	Poststad:	Mobiltlf:	Parti:
					Arbeid
Styreleiar	Arne Hovland	Årdal	90636002	A	Idrettskonsulent arne.hovland@mail.ardalsnett.no
Nestleiar	Per Atle Kjøllesdal	6797 Utvik	48213984	Sp	Bonde per.atile.kjollesdal@eninvest.net
Vararepr.	Ivar A. Slindé	Sogndal	48155401	Sp	Bonde ivara.s@online.no
Dagleg leiar/ revisjonsjef	Marianne Vara	Leikanger	41530961		marianne.vara@sf-revision.no



**SOGN OG FJORDANE REVISJON IKS
KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD**

Notat om organisering av kommunerevisjonen i Sogn og Fjordane

I samband med årsmøte i NKRF Sogn og Fjordane, halde i Førde 21.06.2016, hadde styreleiarane og dei daglege leiarane i dei interkommunale revisjonssamarbeida i fylket eit møte. Hovudtema var ei eventuell samanslåing av dei tre interkommunale samarbeida. Fellesmøtet bad dei tre daglege leiarane kome med eit notat som skulle sendast revisjonsselskapet til orientering med kopi til rådmann og ordførar i eigarkommunane (her i fylkeskommunen). Fellesmøtet vart samde om å ta opp drøftingar om dette i sine styre i løpet av august månad og kome saman igjen etter det. Dato for eit nytt fellesmøte er ikkje fastsett.

Slik vi er oppmoda om har vi, dei tre daglege leiarane i dei interkommunale revisjonssamarbeida, utarbeidd dette notatet. Notatet omhandlar nokre av dei utfordringar fylkeskommunen, kommunane og den kommunale revisjon står overfor i samband med kommunereforma og regionreforma, samt dei nye oppgåver og utfordringar som utkastet til ny kommunelov fordrar overfor fylkeskommunen, kommunane og revisjonen.

Utviklingstendensar og strategiar for kommunal revisjon

Kommunal revisjon har eksistert sidan formannskapslova i 1837 og har i denne tida vore organisert på ulike måtar. Kompleksitetten i dei kommunale rekneskapane og revisor sitt arbeid har auka heile tida og då særleg dei siste 50 åra. I samband med ny kommunelov i 1992 vart det stilt nye krav også om forvaltningsrevisjon og reknesaksrevisjonen, og ein gjekk over frå kombinert intern/ekstern revisjon til ekstern stadfesting av rekneskapen. Kravet til forvaltningsrevisjon vart ytterlegare forsterka i samband med lovendringane i 2005. Samtidig har fokus på meir effektiv revisjon auka.

Det har derfor over lang tid vore eit stadig aukande behov for å få til sterkare fagmiljø innan kommunal revisjon. Rundt år-tusen-skiftet var det frå Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) arbeidd for å få til eit landsomfattande kommunerevisorskap, noko som ikkje ført fram. Men denne prosessen, og seinare opning for konkurranseutsetting av kommunal revisjon i 2005, har medført at det andre stadar i landet er danna større kommunalt eigde revisjonsselskap som også er konkurransedyktige på pris. Eksempel på det er *KomRev Trøndelag IKS* som no arbeider for å slå saman både Sør og Nord Trøndelag, unntake Trondheim. Trondheim har eigen revisjon og bystyret er bevisst på at dei ønskjer eigen revisjonseining, sjølv om det kan vere dyrare. Dei hevder at ein godt fungerande og grundig revisjon er viktig for eit godt fungerande demokrati.

Dersom vi ser framover dei neste fem til ti åra, veit vi at kommunale- og regionreforma og ny kommunelov vil påverka den kommunale revisjonen. Mykje tyder på at også andre utviklingstrekk vil påverka den kommunale revisjonen i framtida:

- Nye oppgåver og auka kompleksitet for kommunane.
- Kommunane får meir profesjonell administrasjon.
- Auka rettighetslovgjeving til innbyggjarane.

Notat om organisering av kommunerevisjonen i Sogn og Fjordane

- Andre samarbeidsformer (kommunen skal sørge for....)
- Fragmentering av kommunal organisering.
- Fleire avgjersler blir tekne i styrerom og ikkje i folkevald forsamling.
- Færre kommunar og større kommunar.
- Kvar går fylkeskommunen ?
- Latent konkurranse om oppdrag som vil medføre prispress og diskusjon om konkurransegrunnlaget.
- I forslaget til ny kommunelov er det i tillegg til utviding av revisjonen sine oppgåver også presisert at revisjonen skal ha læreeffekt i kommunen.

Dette medfører at kommunerevisjonen må utvikle den faglege kompetansen på eit stadig større og vidare område både innanfor forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. Behovet for kontroll med underorganisasjonar, kommunale samarbeid og eksterne leverandørar av kommunale tenester vil auka. Dette inneber at sjølv om færre og større kommunar på lengre sikt vil medføre mindre behov for revisjonstenester, vil behovet og kompleksiteten på revisjonstenester auka. Det er derfor viktig å ha ein sterkt organisasjon som kan levere dei revisjons- og rådgjevingstenestene som kommunane vil ha behov for i framtida; enten ved bruk av eigne tilsette, eller der revisjonen ikkje har eigen kompetanse, ha ein organisasjon som kan kjøpa slike tenester til rett kvalitet i marknaden.

I samband med regionreforma og fordeling av oppgåver mellom «fylka» kan også revisjonen vere eit forhandlingskort, og då er det viktig at Sogn og Fjordane fylkeskommune kan tilby eit kompetent og levedyktig revisjonsselskap.

I forslag til ny kommunelov er det lagt vekt på læreeffekten av revisjonen sitt arbeid. Etter vår oppfatning fordrar dette at revisjonen framleis må ha nærelik til og tett samarbeid med den reviderte; dvs. kommunane. Sjølv om den elektroniske kommunikasjonen blir stadig betre, vil behovet for desentralisert organisasjonsstruktur av den kommunale revisjon alltid vere til stades. Komunane sine ønskjer om nærelik til revisor, reduserte reisetider og hyppige besøk/stadlege revisjonstenester, tilseier at offentleg eigde samarbeid, med lokal forankring og tenleg organisering, best vil sikre desse ønska.

Vi meiner at eit sterkt kommunalt revisjonsselskap i fylket best vil sikre at kompetansen og arbeidsplassane blir verande i kommunane/fylket, og ved det sikrar gode revisjonstenester til kommunane og fylkeskommunen i framtida. Det er også vår oppfatning at dei kommunale revisorane innehavar ein unik kunnskap om kommunane og fylkeskommunen som kommunane/fylkeskommunen har eit ansvar for å ta vare på. Revisorane innehavar mykje kunnskap om den einskilde kommune/fylkeskommunen sin økonomi og dei tenester kommunen/fylkeskommunen leverer, og har ved det ein spisskompetanse som er bygt opp gjennom mange år ved eit godt og nært samarbeid med kommunane og fylkeskommunen.

Å etablere eit større og fylkesdekkande, interkommunalt revisjonsselskap vil kunne auke produktiviteten og effektiviteten i eiga drift og vi vil kunne levere konkurransedyktige tenester. Stordriftsfordeler kan oppnåast på vesentlege områder som t.d.

- utvikling av kunnskapsnettverk og gjenbruk av kunnskap
- utvikling av felles arbeidsmetodikk
- fleksibilitet

Notat om organisering av kommunerevisjonen i Sogn og Fjordane

- synergieffektar, større gjenbruk/fleir bruk av forvaltningsrevisjonsprosjekt
- erfaringssutveksling, nytteverdiar, 'best praksis'
- samhandling- og kunnskapsdeling
- utvikling av IKT-system og telekommunikasjonssystem/telefoni
- administrative løysingar
- felles innkjøp
- meir effektiv og målretta rekruttering
- meir effektiv og målretta utnytting av spesialkompetanse

Ved å slå saman dei tre interkommunale revisjonssamarbeida som er i Sogn og Fjordane i dag, kan kommunane og fylkeskommunen sikre at kompetansearbeidsplassar vert oppretthaldne. Dette er strategisk og langsigktig tenking som bidrar til å oppretthalde kompetansearbeidsplassar internt i fylket. I samband med kommunereforma nytta SiS-kommunane PwC i fleire alternative utgreljingar. I dette kommunereformarbeidet vart det også teke inn alle dei interkommunale samarbeida som kommunane på ulikt vis er involverte i. Her går det fram at dei interkommunale revisjonssamarbeida i fylket er anbefalte å halde fram, uavhengig av kva kommunereformarbeidet måtte minne ut i når det gjeld kommune-samanslutningar.

Dersom vi ikkje følgjer utviklinga om å få til større revisjonseiningar for å møte framtidige utfordringar i fylket vårt, aukar risikoen for at eit unikt kommunalt kompetansenivå som er bygt opp og utvikla over dei siste 75 åra vil kunne smuldre bort, gå tapt og forsvinne heilt. Om den kommunale revisjonen skulle forsvinne, vil denne, etter vår oppfatning, ikkje kunne la seg gjenoppbygge i framtida.

Avslutningsvis vil vi ta med at det i fellesmøtet var nemnt at eit eksempel på omorganisering kan vere fusjon, utan at ein på noko vis har bunde seg til noko. Dei tre interkommunale revisjonseiningane i fylket er ulikt organisert og har ulikt tenestetilbod. Detaljane rundt ei evt omorganisering må ein kome attende til når spørsmålet om ein mogleg fusjon har vore oppe til drofting hos eigarane og dei styrande organ i selskapet.

Dette notatet er meint å danna grunnlag for dei styrande organa i revisjonssamarbeida i fylket, til i løpet av august å velja 2 representantar til eit Interimsstyre som får i oppgåve å utarbeida eit forslag til fusjonsavtale.

Leikanger/Førde/Stryn,
30.06.2016


Ingvar Linde
Dagleg leiar
SF Revisjon IKS


Terje Førde
Dagleg leiar
KRYSS Revisjon



Markvard Synde
Dagleg leiar
Kommunerevisjonen i Nordfjord